

Brannstasjonen på den kommunale kuttlista.

15.11.2017



Nedlegging av brannstasjonen og branntropp Uskedalen er eit av brannsjefen sine framlegg for å halda drifta innafor tildelt budsjett for 2018.

**Brannstasjonen og dermed branntropp Uskedalen er enno ein gong på den kommunale kuttlista.
Brannsjef Atle Jøsdal skriv i sine merknader til tildelt ramme frå Rådmannen at nedlegging av
brannstasjonane Uskedalen og Halsnøy med mannskapsreduksjonar gjev ei innsparing på kr. 400.000,-
Ein føresetnad for nedlegging er at branntroppane i Rosendal og på Husnes vert styrkt.**

Branntropp Uskedalen tel i dag 6 mann. Stasjonen er utstyrt med ein større mannskapsbil og ein mindre suppleringsbil. Brannsjefen må gjera tiltak om ein skal koma i mål innafor ei samla tildelt ramme på 8 millionar kroner.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) ynskjer færre og meir slagkraftige stasjonar, om ein skal halda god kvalitet på tenesta. Dette er noko brannsjefen peikar på i sine merknader til budsjettet. Han vil ha færre og meir utstyrt stasjonar med eit betre utdanna mannskap.

Reduksjon av branntropp Uskedalen, Halsnøy og mindre mannskap på Varaldsøy, Åkra og Fjelberg gjev som sagt berre ei innsparing på kr. 400.000,- Så skal tre andre stasjonar styrkast. Med dette som bakgrunn er det vanskeleg å sjå kva reelle innsparingar tiltaket fører til.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal